

**Innkalling**  
av  
**Førebuande fellesnemnd - ny kommune**

**Møtedato:** 24.04.2017  
**Møtestad:** Radøy rådhus  
**Møtetid:** 12:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til Ørjan Raknes Forthun per tlf. 56 37 50 00, sms til eller per epost til orjan.raknes.forthun@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

I etterkant vil det bli gjennomført en workshop med førebuande fellesnemnd knyttet til risiko med gjennomføring av sammenslåingen. Dette vil være et grunnlag for en risikobeskrivelse til styringsdokumentet.

**Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
015/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
016/17	Godkjenning av møteprotokoll
017/17	Orienteringssak om administrativ organisering av programmet
018/17	Delegering av fullmakt til Førebuande Fellesnemnd
019/17	Etablering av valkomité
020/17	Val av revisor for fellesnemnda sitt arbeide
021/17	Val av representant til førebuande kyrkjeleg fellesnemnd
022/17	Melding/orientering til førebuande fellesnemnd 24.04.2017

20. april 2017

Øyvind Oddekalv  
møteleiar

Ørjan Raknes Forthun  
møtesekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
015/17	Førebuaude fellesnemnd - ny kommune	PS	24.04.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	17/1249

## Godkjenning av innkalling og saksliste

### Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
016/17	Førebuaude fellesnemnd - ny kommune	PS	24.04.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	17/1249

## Godkjenning av møteprotokoll

### Vedlegg:

Protokoll - Førebuaude fellesnemnd - ny kommune - 20.03.2017

### Framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

# Møteprotokoll

## for

### Førebuande fellesnemnd - ny kommune

**Møtedato:** 20.03.2017  
**Møtestad:** Rådhuset Meland  
**Møtetid:** 12:30 - 15:10

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Astrid Aarhus Byrknes	Lindås	Nestleiar
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Nina Bognøy	Lindås	Medlem
Ståle Juvik Hauge	Lindås	Medlem
Anna K.Valle	Lindås	Medlem
Bjarte Vatnøy	Lindås	Medlem
Nina Stabell Øvreås	Lindås	Medlem
Karl Vågstøl	Lindås	Medlem
Sveinung Toft	Lindås	Medlem
Øyvind Oddekalv	Meland	Utvalsleiar
Nils Marton Aadland	Meland	Medlem
Øyvind Bratshaug	Meland	Medlem
Anne Grete Eide	Meland	Medlem
Sølvi Knudsen	Meland	Medlem
Karina Garnes Reigstad	Meland	Medlem
Jon Askeland	Radøy	Medlem
Jostein Borlaug	Radøy	Medlem
Kenneth Murberg	Radøy	Medlem
Else Marie Dale	Radøy	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Leif Hosøy Sleire	Lindås	Medlem
Laila Pletten	Radøy	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Odd Leif Mjøs	Lindås	Leif Hosøy Sleire
Kirsti Floen	Radøy	Laila Pletten

#### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ingvild Hjelmtveit-rådmann Meland, Jarle Landås-rådmann Radøy, Ørjan Raknes Forthun-rådmann Lindås, Elisabeth Inger Bygstad HTV Radøy, Rosalind Ingebø HTV Radøy, Adolf Hovgaard HTV

## Sakliste

Saknr	Tittel
008/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/17	Godkjenning av møteprotokoll frå 09.01.2017 og 13.- 14.02.2017
010/17	Førebuing til § 25-møtet
011/17	Val av kommunenamn 2
012/17	Prosess for tilsetting av prosjektleiar
013/17	Eablering av politiske komitar
014/17	Melding/orientering til førebuande fellesnemnd 20.03.2017

### **008/17: Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **20.03.2017 Førebuande fellesnemnd - ny kommune**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **FELLES - 008/17 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste er godkjent

---

### **009/17: Godkjenning av møteprotokoll frå 09.01.2017 og 13.- 14.02.2017**

#### **Framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent

### **20.03.2017 Førebuande fellesnemnd - ny kommune**

Merknad til møteprotokoll: Nils Marton Aadland var til stades på seminaret 13. og 14. februar 2017.

Framlegg med merknad vart vedteke samrøystes.

#### **FELLES - 009/17 VEDTAK:**

Møteprotokollen frå 09.01.2017 og 13. og 14.02.2017 er godkjent.

---

### **010/17: Førebuing til § 25-møtet**

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Det blir sett ned ein namnekomité som skal gjennomføre prosessen med å kome med framlegg til namn på den nye kommunen for fellesnemnda. Oppnemning skjer i eigen sak.

2. Saksførebuaende utval får fullmakt til å:
  - a. Kontakte fylkesmannen for å avklare stad og tidspunkt for §25 møte. Den praktiske gjennomføringa blir også avklara med fylkesmannen. Fellesnemnda blir informert i eigen sak.
  - b. Kontakte Kontrollutvalssekretariatet for kommunane for å sette i gang ein prosess for val av revisor til fellesnemnda

### **20.03.2017 Førebuaende fellesnemnd - ny kommune**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **FELLES - 010/17 VEDTAK:**

1. Det blir sett ned ein namnekomité som skal gjennomføre prosessen med å kome med framlegg til namn på den nye kommunen for fellesnemnda. Oppnemning skjer i eigen sak.
2. Saksførebuaende utval får fullmakt til å:
  - a. Kontakte fylkesmannen for å avklare stad og tidspunkt for §25 møte. Den praktiske gjennomføringa blir også avklara med fylkesmannen. Fellesnemnda blir informert i eigen sak.
  - b. Kontakte Kontrollutvalssekretariatet for kommunane for å sette i gang ein prosess for val av revisor til fellesnemnda

---

### **011/17: Val av kommunenamn 2**

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Det vert nedsett ein namnekomité som skal leie den politiske prosessen med å føreslå namn for den nye kommunen. Komiteen skal bestå av to politikarar frå kvar kommune.
2. Komiteen får sekretærstønad frå ..
3. Komiteen får i mandat til å setja opp ein plan for prosessen med val av namn, samt til å koma med innstilling om nytt namn til den førebuaende fellesnemnda.

Følgjande prosesskrav gjeld:

  - a. Arbeidet skal ta med innspel og dei forslaga som har kome fram gjennom dei ulike prosessane som allereie er gjennomførde.
  - b. Komiteen gjennomfører namneprosessen ut ifrå prinsippa for valet som presenterast i pkt. 4.
  - c. Komiteen leige inn kompetanse på å gjennomføra slike namn- og identitetsprosessar, som har metodikk og måleverktøy for å raskt gjennomføre involvering av innbyggjarane i prosessen.
  - d. Komiteen konkretiserer i plan for prosessen korleis innbyggjarar og næringsliv skal bli inkluderte i prosessen, basert på tilrådinga i saksutreiinga og råd frå innleigd prosesskompetanse.
  - e. Komiteen etablerer ein fagkomité som skal fungere som ei referansegruppe med noko ekspertkompetanse og med lokal forankring, som skal arbeide fram ei lita gruppe namn som skal innstillast på til fellesnemnda.

- f. Komiteen gir si innstilling slik at den kan bli behandla i dei tre eksisterande kommunestyra før § 25-møtet.
4. Komiteen skal foreslå namn etter følgjande prinsipp: Namnet skal vera eit geografisk namn og/eller eit stadnamn frå minst ein av dei tre kommunane. Det skal ikkje nyttast bokstavkombinasjonar henta frå dei noverande kommunane (t.d. LIMERA kommune), eller andre «opne namn» (t.d. «Vår kommune»). Komiteen bør søkja å finna eit mest mogleg samlande namn, som flest mogleg av innbyggjarane meiner lett kan identifisera kommunen. Komiteen bør gjennomføra ei drøfting av kor mykje ein skal vekta namn basert på historie, opp mot korleis namnet presenterer kommunen i framtida. Seinare skal det også utarbeidast kommunevåpen og verdiord/slagord. Komiteen bør vurdere om namneframlegg får konsekvensar for kommunevåpen og verdiord/slagord.
5. Komiteen skal gi statusrapportar til møta i den foreløpige fellesnemnda.
6. Kostnadar til komiteens arbeid blir dekte av eingongsstønaden som blir utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

### **20.03.2017 FØREBUANDE FELLESNEMND - NY KOMMUNE**

Bjarte Vatnøy, Lindås, fremja forslag om at Lindås kommune skal ha tre medlemmar i namnekomiteen.

Framlegget frå Bjarte Vatnøy vart satt opp mot punkt ein i framlegg frå saksførebuande nemnd. Framlegget frå Bjarte Vatnøy fekk 3 røyster og fall.

Ordførar i Lindås kommune, Astrid Aarhus Byrknes, fremja følgjande framlegg: «Medlemmane i namnekomiteen skal ha vara.» som tillegg til punkt ein. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Ordførar i Lindås kommune, Astrid Aarhus Byrknes, fremja følgjande forslag: «Namnekomiteen konstituerar seg sjølv med leiar og nestleiar» som nytt punkt sju. Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Framlegg til medlemmar av namnekomité:**

Laila Pletten og Jostein Borlaug frå Radøy

1. vara: Else Marie Dale
2. vara: Kenneth Murberg

Nils Marton Aadland og Anne Grete Eide frå Meland

1. vara: Sølvi Knudsen
2. vara: Øyvind Bratshaug

Asle Hetlebakke og Nina Bognøy frå Lindås

1. vara: Bjarte Vatnøy
2. vara: Anna Valle

Framlegg til sekretærstønad:  
Meland kommune

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **FELLES - 011/17 VEDTAK:**

1. Det er nedsett ein namnekomité som skal leie den politiske prosessen med å foreslå namn

for den nye kommunen. Komiteen skal bestå av to politikarar frå kvar kommune med vara. Medlemmer med vara:

Radøy:

Laila Pletten og Jostein Borlaug

1. vara: Else Marie Dale

2. vara: Kenneth Murberg

Meland:

Nils Marton Aadland og Anne Grete Eide

1. vara: Sølvi Knudsen

2. vara: Øyvind Bratshaug

Lindås:

Asle Hetlebakke og Nina Bognøy

1. vara: Bjarte Vatnøy

2. vara: Anna Valle

2. Komiteen får sekretærstønad frå Meland kommune.
3. Komiteen får i mandat til å setja opp ein plan for prosessen med val av namn, samt til å koma med innstilling om nytt namn til den førebuande fellesnemnda. Følgjande prosesskrav gjeld:
  - a. Arbeidet skal ta med innspel og dei forslaga som har kome fram gjennom dei ulike prosessane som allereie er gjennomførde.
  - b. Komiteen gjennomfører namneprosessen ut ifrå prinsippa for valet som presenterast i pkt. 4.
  - c. Komiteen leige inn kompetanse på å gjennomføra slike namn- og identitetsprosessar, som har metodikk og måleverktøy for å raskt gjennomføre involvering av innbyggjarane i prosessen.
  - d. Komiteen konkretiserer i plan for prosessen korleis innbyggjarar og næringsliv skal bli inkluderte i prosessen, basert på tilrådinga i saksutreiinga og råd frå innleidd prosesskompetanse.
  - e. Komiteen etablerer ein fagkomité som skal fungere som ei referansegruppe med noko ekspertkompetanse og med lokal forankring, som skal arbeide fram ei lita gruppe namn som skal innstillast på til fellesnemnda.
  - f. Komiteen gir si innstilling slik at den kan bli behandla i dei tre eksisterande kommunestyra før § 25-møtet.
4. Komiteen skal foreslå namn etter følgjande prinsipp: Namnet skal vera eit geografisk namn og/eller eit stadnamn frå minst ein av dei tre kommunane. Det skal ikkje nyttast bokstavkombinasjonar henta frå dei noverande kommunane (t.d. LIMERA kommune), eller andre «opne namn» (t.d. «Vår kommune»). Komiteen bør søkja å finna eit mest mogleg samlande namn, som flest mogleg av innbyggjarane meiner lett kan identifisera kommunen. Komiteen bør gjennomføra ei drøfting av kor mykje ein skal vekta namn basert på historie, opp mot korleis namnet presenterer kommunen i framtida. Seinare skal det også utarbeidast kommunevåpen og verdiord/slagord. Komiteen bør vurdera om namneframlegg får konsekvensar for kommunevåpen og verdiord/slagord.
5. Komiteen skal gi statusrapportar til møta i den foreløpige fellesnemnda.
6. Kostnadar til komiteens arbeid blir dekte av eingongsstønaden som blir utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
7. Namnekomiteen konstituerar seg sjølv med leiar og nestleiar



---

## **012/17: Prosess for tilsetting av prosjektleiar**

### **Framlegg til vedtak:**

1. Førebels fellesnemnd gir rådmennene i dei tre kommunane i oppdrag å gjennomføra ein anbudsprosess for innleige av prosjektleiar for kommunesamanslåinga for perioden august 2017-juni 2020, i høve *lov om offentlige anskaffelser*. Det blir lagt inn atterhald om departementet si endelege godkjenning av den nye kommunen. Avtala med ein slik leverandør skal også gje moglegheit for å trekkje på fleire ressursar i perioden, slik at ein har kompetanse og kapasitet tilgjengeleg for prosjektet i avtaleperioden.
2. Formell fellesnemnd skal hausten 2017 setja i gong ein tilsettingsprosess for å tilsetja ein prosjektansvarleg i prosjektperioden fram til 31.12.2019, som og skal vera rådmann i den nye kommunen frå 01.01.2020. Etter at ordførarane har avklart vidare prosess etter ei vurdering av eksisterande rådmenns rettskrav, utarbeidast det ei ny sak til fellesnemnda om prosess for tilsetting av prosjektansvarleg/rådmann til den nye kommunen.
3. Kostnadar til arbeidet med anbudsprosessen, inkludert eventuelle kostnadar til å engasjere ekstern bistand, blir dekt av eingongsstønaden som blir utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

## **20.03.2017 FØREBUANDE FELLESNEMND - PARTSSAMANSETT UTVAL**

Leiar av førebuande fellesnemnd fremma følgjande forslag til endring av punkt to i vedtaket: Setninga «Etter at ordførarane har avklart vidare prosess etter ei vurdering av eksisterande rådmenns rettskrav, utarbeidast det ei ny sak til fellesnemnda om prosess for tilsetting av prosjektansvarleg/rådmann til den nye kommunen.» vert endra til «Etter at ordførarane har avklart vidare prosess etter ei vurdering av rettskrav knytt til eksisterande rådmannstillingar, utarbeidast det ei ny sak til fellesnemnda om prosess for tilsetting av prosjektansvarleg/rådmann til den nye kommunen.»

Framlegg til vedtak med endring vart samrøystes vedteke.

## **PFELLES - 002/17 INNSTILLING:**

1. Førebels fellesnemnd gir rådmennene i dei tre kommunane i oppdrag å gjennomføra ein anbudsprosess for innleige av prosjektleiar for kommunesamanslåinga for perioden august 2017-juni 2020, i høve *lov om offentlige anskaffingar*. Det blir lagt inn atterhald om departementet si endelege godkjenning av den nye kommunen. Avtala med ein slik leverandør skal også gje moglegheit for å trekkje på fleire ressursar i perioden, slik at ein har kompetanse og kapasitet tilgjengeleg for prosjektet i avtaleperioden.
2. Formell fellesnemnd skal hausten 2017 setja i gong ein tilsettingsprosess for å tilsetja ein prosjektansvarleg i prosjektperioden fram til 31.12.2019, som og skal vera rådmann i den nye kommunen frå 01.01.2020. Etter at ordførarane har avklart vidare prosess etter ei vurdering av rettskrav knytt til eksisterande rådmannstillingar, utarbeidast det ei ny sak til fellesnemnda om prosess for tilsetting av prosjektansvarleg/rådmann til den nye kommunen.
3. Kostnadar til arbeidet med anbudsprosessen, inkludert eventuelle kostnadar til å engasjere ekstern bistand, blir dekt av eingongsstønaden som blir utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

### **20.03.2017 Førebuaende fellesnemnd - ny kommune**

Innstillinga frå partsamansett utval vart samrøystes vedteke.

#### **FELLES - 012/17 VEDTAK:**

1. Førebels fellesnemnd gir rådmennene i dei tre kommunane i oppdrag å gjennomføra ein anbudsprosess for innleie av prosjektleiar for kommunesamanslåinga for perioden august 2017-juni 2020, i høve lov om offentlige anskaffingar. Det blir lagt inn atterhald om departementet si endelege godkjenning av den nye kommunen. Avtala med ein slik leverandør skal også gje moglegheit for å trekkje på fleire ressursar i perioden, slik at ein har kompetanse og kapasitet tilgjengeleg for prosjektet i avtaleperioden.
2. Formell fellesnemnd skal hausten 2017 setja i gong ein tilsettingsprosess for å tilsetja ein prosjektansvarleg i prosjektperioden fram til 31.12.2019, som og skal vera rådmann i den nye kommunen frå 01.01.2020. Etter at ordførarane har avklart vidare prosess etter ei vurdering av eksisterande rådmenns rettskrav, utarbeidast det ei ny sak til fellesnemnda om prosess for tilsetjing av prosjektansvarleg/rådmann til den nye kommunen.
3. Kostnadar til arbeidet med anbudsprosessen, inkludert eventuelle kostnadar til å engasjere ekstern bistand, blir dekt av eingongsstønad som blir utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

---

### **013/17: Etablering av politiske komitar**

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Førebels fellesnemnd oppnemner følgjande komitear til vidare arbeid med kommunesamanslåinga.
  - a. Komité for val av namn
  - b. Komité for markering av merkedagar, identitetsbygging og aktiviteter for å bli-kjent i eigen kommune.
  - c. Komite for utarbeiding av forslag til politisk reglement, delegasjonsreglement, godtgjerdsreglement og reglement for klagenemnd
  - d. Komité for val av kommunevåpen og ordførarkjede
2. Mandat og medlemmer vert vedteke i samband med behandling av styringsdokumentet for prosjektet. Unntatt frå dette er komité a som vert vedteke i eigen sak.

### **20.03.2017 Førebuaende fellesnemnd - ny kommune**

Leiar av førebuaende fellesnemnd, Øyvind Oddekalv, fremja følgjande framlegg: «Til neste møte i førebuaende fellesnemnd vert det lagt fram ein sak om oppretting av ein valnemnd.» som nytt punkt tre.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **FELLES - 013/17 VEDTAK:**

1. Førebels fellesnemnd utnemner følgjande komitear til vidare arbeid med kommunesamanslåinga.
  - a. Komité for val av namn
  - b. Komité for markering av merkedagar, identitetsbygging og aktiviteter for å bli-kjent i eigen kommune.
  - c. Komité for utarbeiding av forslag til politisk reglement, delegasjonsreglement,

- godtgjerdingsreglement og reglement for klagenemnd
- d. Komité for val av kommunevåpen og ordførarkjede
2. Mandat og medlemmer vert vedteke i samband med behandling av styringsdokumentet for prosjektet. Unntatt frå dette er komité a som vert vedteke i eigen sak.
  3. Til neste møte i førebuande fellesnemnd vert det lagt fram ein sak om oppretting av ein valnemnd.

---

**014/17: Melding/orientering til førebuande fellesnemnd 20.03.2017**

**Framlegg til vedtak**

Meldinga vert teke til orientering

**20.03.2017 Førebuande fellesnemnd - ny kommune**

Jon Askeland, Radøy, fremja følgjande framlegg: «Prosjektlear får fullmakt til å søke om midlar til relevante prosjekt knytt til kommunesamanslåinga.»

Kenneth og Nils Marton fikk i oppgåve å utarbeide ein utale om Sambandet Vest til RTP som vert sendt til kommunestyra.

Frå og med neste møte vert «Aktuelle saker frå kommunestyra» eiga sak.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FELLES - 014/17 VEDTAK:**

Prosjektlear får fullmakt til å søke om midlar til relevante prosjekt knytt til kommunesamanslåinga. Meldinga vart elles teke til orientering.

---

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
017/17	Førebuaende fellesnemnd - ny kommune	PS	24.04.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

## Orienteringssak om administrativ organisering av programmet

### Framlegg til vedtak

Saka vert teke til orientering.

.....

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn:

Arbeidet med å gjennomføra samanslåinga vil ha ein politisk og ein administrativ del. I denne saka vert lagt forslag til administrativ organisering av programmet fram for førebuaende fellesnemnd til orientering/diskusjon. Dette er ein viktig del av styringsdokumentet til programmet, og det er difor ønskeleg at førebuaende fellesnemnd handsamar denne delen særskilt.


#### Saksutgreiing:

##### Organisering, roller og ansvar

Samanslåinga av dei tre kommunane Meland, Lindås og Radøy organiserast som eit program. I styringa av programmet og prosjekta legg ein beste praksis-rammeverka Managing Successful Programmes (MSP®) og Prince2® til grunn som fundament for program- og prosjektstyringa. Vurderinga som er gjort syner at det vil redusere risikoane og aukar grad av kor sannsynleg det er å oppnå måla med samanslåinga.

##### Programmets governance og arbeidsdeling - mellom politikare, administrasjon og tillitsvalde

Figuren under viser den overordna styringsstrukturen for samanslåinga:



Figur 1: skisse for programstyring av samanslåingsprosessen

Ein delar inn styringsstrukturen i to nivå; politisk nivå og administrativt nivå. På det politiske nivå førebur ein saker, gjer vedtak, drøftar arbeidsgjevarspørsmål med arbeidstakarrepresentantar, og arbeidar i politiske komitear som skal arbeide med saker som skal til politisk behandling hjå fellesnemnda.

På det administrative nivå finn ein programstyringa. Det er vedteke av førebuaende fellesnemnd at ein skal tilsette ein programansvarleg som og seinare vert rådmann i den nye kommunen. Programansvarleg tilsettast i ein prosess som settas i gong hausten 2017, og fram mot at denne er tilsett vil dei tre rådmenna i dei tre kommunane ta hand om ansvarsområda og oppgåvene til programansvarleg. Administrativ referansegruppe er samansett av rådmenna frå dei tre kommunane. Denne gruppa i programstyringa eksisterer fram til ny kommune er sett 1.1.2020. Programleiar tilsettast gjennom innleidd kompetanse. Programkontoret skal vera ein støttefunksjon for programstyringa og prosjekta, og bemannast av interne ressursar frå kommunane i den grad ein har kapasitet og rett kompetanse, og elles vil ein bemanna dette opp med innleidde ressursar.

For å halde programstyringa på eit handterbart nivå vil ein organisera seg i 6 sektorprosjektgrupper som igjen har delprosjektgrupper under seg. Sektorprosjektgruppene skal bemannast med representantar frå dei aktuelle tenestene og områda knytt til gruppa. Dette forklarast nærare i kapitlet med oversikt over programmets prosjekter. For dei sektorgruppene det synest naudsynt opprettast det og ei referansegruppe knytt til den enkelte sektorprosjektgruppe. Referansegruppene bemannast av representantar for viktige interessantar og representantar for relevante høyringsinstansar.

Styringa av prosjekta går gjennom formelle vedtak, styringsdokumenter og styringsdialogen mellom fellesnemnda, partssamansett utval, programansvarleg, programleiar og prosjektleiarane. Fellesnemnda fastsett rammene for samanslåinga gjennom eit mandat. Etter rådføring med SFU vedtek programansvarleg mandata for sektorprosjekta, og godkjenn

prosjektplanane for dei underliggande delprosjekta.

Samstundes som styringa går nedover i strukturen, går eskalering og rapportering oppover. Dei ulike rollane i program- og prosjektstyringa er ansvarleg for å eskalere sakene til det neste eskaleringsnivået om saker går utanfor dei sette toleransegrensene, eller at det er ei risiko for at dei går utanfor desse rammene. Rutinar og rammer for dette skildrast i eit eige kapittel.

### **Tillitsvalgtes rolle og representasjon**

Tillitsvalte er ein betydelig ressurs og eit viktig korrektiv i programmet for å ivareta tilsette sine interesser med definerte roller og representasjon. For gjennomføringa av programmet er det viktig at alle har same rolleforståing. For dei tillitsvalte bør denne byggja følgjande prinsipp:

- Særansvar sammen med helhetsansvar.
- Tillitsvalgte representerer ansatte bredt.

#### Tillitsvalte deltaking i programmet:

- Partssammensatt utval
  - Koordinerende tillitsvalt (som er tilsvarande hovudtillitsvalt)
- Sektorprosjekta
  - Prosjektane bemannes med prosjektleder, prosjektledere fra underprosjektene, samt 1 tillitsvalgt-representant som fast medlem i prosjektet
- Delprosjekta
  - Delprosjekta vert bemanna normalt ikkje med tillitsvalde, sidan dei er representert i hovudprosjekta og tek vare på delprosjekta gjennom rolla si i hovudprosjekta.

### **Rolleskildring**

#### **Programstyre (Fellesnemnda/nytt kommunestyre)**

Fellesnemnda driv programmet framover og leverar ein ny kommune og dei forventa gevinstane, fram til nytt kommunestyre for den nye kommunen er konstituert. Frå då av er kommunestyret dei som driv programmet framover og sikrar at dei planlagde gevinstane vert realisert.

Programstyret er då samansett av dei medlemmane intensjonsavtala tilseier; Fellesnemnda skal ha 21 medlemmar med fem frå Radøy, seks frå Meland og ti frå Lindås. Medlemmane vert valt av og blant medlemmane i kommunestyra. Den nye kommunen skal styrast etter formannskapsmodellen med politiske utval. Kommunestyret skal bestå av 47 medlemmar. Formannskapet skal ha 13 medlemmar.

Programstyret skal blant anna:

- Vere mottakar av vedtaks- og orienteringssaker i programmet.
- Følgje opp dei politiske komiteane og gjere vedtak i saker.
- Støtta programansvarleg med å gjere strategiske vegval og gi retning for dei

- underliggende prosjekta.
- Sikre at programmet leverar innan dei definerte rammene for blant anna kostnad, forventa innverknad på den eksisterande verksemda og forventa gevinstar.
- Løyse strategiske utfordringar mellom underliggende prosjekt og dei eksisterande kommunane.

### Partssamansett utval (PSU)

### Saksførebuaende utval (SFU)

Saksførebuaende utval vil ha ansvaret for å setja opp sakliste for møta i fellesnemnda og sikre at aktuelle saker er laga før møta i fellesnemnda. Nemnda bør bestå av dei tre ordførarane frå dagens kommunar. I tillegg bør programansvarleg og programleiar ha møte-, tale- og forslagsrett.

### Programansvarleg

Programansvarleg har det overordna ansvaret i høve til Fellesnemnda for programmet leveransar og resultat, og skal vere den synlege drivkrafta bak programmet. Programansvarleg rapporterer direkte til Fellesnemnda og SFU.

Programansvarleg er ansvarleg for at programmet når måla. Det vil seie å sikre at programmet leverer det planen og intensjonsavtala seier at ny kommune skal vere, og at ein realiserer dei forventa gevinstane. Programansvarleg har og ei særskilt rolle i å utvikle verksemdas evne til vidareutvikling. Programansvarleg skal dessutan:

- Styre gjennomføringa av programmet, programmet leveransar og implementeringa av løysingane for den nye kommunen.
- Sikre programmet dei nødvendige finansielle rammevilkåra, slik at dei planlagde gevinstane blir realisert.
- Handsame grensesnitta mot nøkkelinteressentar, informere og involvere fellesnemnda, SFU blant anna om programmet framdrift og val for løysingar.
- Overvake og handtere programmet strategiske risikoar og moglegheiter.
- Utnemne og leie programmet programstyring, og fastlegge prioriteringane for programstyret (fellesnemnda) og programkontoret.

### Programleiar

Programansvarleg utnemner programleiar og vedtek programleiar mandat. Programleiar leiar programmet frå mobilisering, gjennom programperioden, og over i realisering av gevinstar.

Programleiar skal blant anna:

- Sikre at programmet leverar dei løysingane og prosjekta i samsvar med plan.
- Sikre programmet leveransar innan mandatet frå fellesnemnda og programansvarleg, og gjennomføre vedtaka fellesnemnda og programansvarleg gjer.
- Vere ansvarleg for den aktive oppfølginga av framdrift, kostnader, kvalitet, gevinst og risiko. Programleiar er også ansvarleg for å sette i verk og følgje opp naudsynte tiltak.
- Vere programmet risiko- og moglegheitsansvarleg. Det vil blant anna seie å styre

og løyse programmets risikoar og moglegheiter, og iversette eventuelle tiltak.

## Endringsleiar

Programmet treng gjennomføringskraft for å sikre at når den nye kommunen blir sett i verk gjer organisasjonen dei nødvendige endringar som skal til for å realisere gevinstane frå førearbeidet med å planlegge den nye kommunen. Programansvarleg utnemner derfor ein endringsleiar. Endringsleiaren er ansvarleg for å realisere gevinstane på vegne av den nye kommunen, ved å førebu og innføre dei nye løysingane, arbeidsprosessane, og alle andre endringane som følgjer av kommunesamanslåinga. Endringsleiaren skal sikre at linja gjennomfører dei naudsynte tiltaka slik at gevinstane frå programmet blir realisert som planlagt.

Da den nye kommunen eig hovuddelen av dei forventede gevinstane frå samanslåinga, bør endringsleiaren utnemnast blant ressursar som skal arbeide i den nye kommunen. Endringsleiaren skal være eit bindeledd mellom programmet og linja i dei tre eksisterande kommunane/den nye kommunen, i lag med programansvarleg og programleiar, og skal ha oversikten over programmets og prosjektas tiltak for å realisere dei planlagde endringane og gevinstane. Rolla som endringsleiar kan leggjast til programansvarleg.

Endringsleiaren skal mellom anna:

- Realisere gevinstar ved å følgje opp at det gjerast tilstrekkelege organisasjonsendringar for å realisere gevinstar, og at dei nye løysingane for ny kommune vert teken i bruk.
- Sikre at programmet på vegne av linja arbeider for å realisere dei ønska endringar.
- Innføre rutinar for måling og oppfølging av gevinstane i tråd med gevinstrealiseringsplanen.
- Sikre at endringsprosessane og dei naudsynte tiltaka i linja planleggast, vert sett i verk, overvakast, og styrast i tråd med føringane frå programansvarleg og leiinga i den nye kommunen.

## Programkontor (PMO)

I tråd med MSP® og Prince2® støttes programleiarane og prosjektleiarane av eit programkontor. I tillegg vil prosjektleiarane støttes av en enkel prosjektstøttefunksjon – framfor at det etablerast eit eige prosjektkontor i kvart prosjekt. Programkontorfunksjonen ivareteke fellesfunksjoner for heile programmet, det vil si også mange av funksjonane som normalt ligg i eit prosjektkontor. Ei samanslåing av funksjonane sikrar administrativ effektivitet, forenkler arbeidet med kontinuerlig forbetring og bidrar til betre ivaretaking av heilheitsperspektivet i programperioden. Programkontoret vil og kunne vere ein støttefunksjon for dei eksisterande kommunane på relevante oppgåver og prosjekt som har eit grensesnitt til samanslåinga, når det gjeld å utvikle den nye kommunen. Om PMO kan gje denne typen støtte avgjerast av programansvarleg i samråd med administrativ referansegruppe.

Programkontoret koordinerer all informasjon, kommunikasjon, og kontrollaktiviteter. Kontoret skal blant anna:

- Utvikle og kommunisere felles styrande dokument, prosessar, rutinar og malar.
- Støtte utarbeidinga av saker til fellesnemnda.
- Følgje opp programmet som heilheit og prosjekta på økonomi, framdrift, risiko og planlegging og rapportere til programleiar.



- Koordinere prosjektets prosessar for risiko- og moglegheitsstyring. Programkontoret skal ha ein risiko- og moglegheitsansvarleg for programmet.
- Leie og koordinere kvalitetsarbeidet i programmet.
- Sikre at gevinstrealiseringsplanen er oppdatert, samt måle og utarbeide rapporter på programmets framdrift mot gevinstrealiseringsplanen. Programkontoret skal ha ein ansvarleg for gevinstrealisering for programmet.

Funksjonen prosjektstøtte skal blant anna:

- Støtte prosjektleiar i den daglege styringa av prosjekta i programmet.
- Følgje opp sektorprosjekta og eventuelt delprosjektas framdrift og forbruk i forhold til dei vedteke rammer.
- Sette saman rapporteringa frå sektorprosjekta og rapportere koordinert til prosjektleiar.
- Utvikle arbeidsmetodikk og systematisk læring for kontinuerleg forbetring gjennom arbeidet i prosjekta.

Programkontoret bør i størst mulig grad bemannast opp med interne ressursar. Der ein ser behov kan ein tilføre både kompetanse og kapasitet frå eksterne ressursar, mellom anna for å overføre kompetanse til eigne ressursar.

Programkontoret er ein støttefunksjon der det gis tilbod om støtte til dei ulike prosjekta etter behov og etter føringar lagt av programansvarleg, i prosjektmandat, også løypande vurdert etter kvart som programmet gjennomførast.

### Prosjektleiar for sektorprosjekt

Programansvarleg utnemner sektorprosjektleiarar, i samråd med SFU og administrativ referansegruppe. Arbeidet i sektorprosjekta styres av mandatet som er gitt frå programansvarleg og vedteken av fellesnemnda/SFU. Prosjektleiaren har den daglege styringa av prosjektet, og oppfølging av delprosjekta. Prosjektleiaren skal også mellom anna:

- Ta avgjersler, mellom anna om prosjektets leveransar, innan rammene sett av dei sentrale styringsdokumenta for prosjektet og toleranserammene vedteke av programansvarleg.
- Styre prosjektets budsjett, og ha oversikt over prosjektets kostnader og gevinstar.
- Være prosjektets risiko- og moglegheitsansvarleg. Det vil mellom anna seie å styre og løyse prosjektets risikoar og moglegheiter og sette iverk eventuelle tiltak.
- Gjennomføre kommunikasjonen med prosjektets eksterne interessentar i samråd med programansvarleg.

### Delprosjektleiarar

Prosjektleiar utnemner delprosjektleiarar i samråd med programstyringa. Delprosjektleiarane leiar delprosjekta innanfor dei vedteke mandat og prosjektskildringar. Delprosjektleiarane skal dessutan og:

- Ivareta den daglege styringa av delprosjektet, medrekna oppfølging av interne medarbeidarar og eksterne ressursar.
- Sikre at delprosjektet leverer i tråd med dei vedteke planar, og sette i verk eventuelle korrigerande tiltak.
- Ta avgjersler med heimel i delprosjektets mål, og innan det som er vedteken i prosjektskildringa.

- Følgje opp grensesnitt mot andre delprosjekt og prosjekt i programmet, og delta i sektorprosjektgruppa.

**Økonomiske konsekvensar:**

Saka har ingen direkte økonomiske konsekvensar.

.....

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
018/17	Førebuande fellesnemnd - ny kommune	PS	24.04.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

## Delegering av fullmakt til Førebuande Fellesnemnd

### Framlegg til vedtak

1. Førebuande fellesnemnd får fullmakt til å gjennomføra ein prosess med å engasjera ein prosjektleiar

.....

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn:

I samband med handsaming av sak 012/17: Prosess for tilsetting av prosjektleiar vart det vedteke å engasjera ein prosjektleiar for arbeidet med kommunesamanslåinga for perioden august 2017-juni 2020. For ikkje å tapa noe tid Komiteen har som oppgåve å fremja forslag til medlemmar i ulike komitear som vert oppretta i samband med arbeidet med å etablere ein ny kommune.

#### Saksutgreiing:

Arbeidet med å etablere ein ny kommune krev ei stor breidd i kompetansen og fleksibilitet i kapasiteten i prosjektorganisasjonen. I det sambandet vedtok førebuande fellesnemnd i sak 012/17:

«1 . Førebuande fellesnemnd gjev rådmennene i dei tre kommunane i oppdrag å gjennomføra ein anbudsprosess for innleia av prosjektleiar for kommunesamanslåinga for perioden august 2017-juni 2020, i høve lov om offentlege anskaffingar. Det vert lagt inn atterhald om departementet seia endelege godkjenning av den nye kommunen. Avtalte med ein slik

leverandør skal òg gje moglegheit for å trekkje på fleire ressursar i perioden, slik at ein har kompetanse og kapasitet tilgjengeleg for prosjektet i avtaleperioden.»

I denne saka ber førebuande fellesnemnd om fullmakt til å gjennomføra denne anbudsprosessen.

#### Økonomiske konsekvensar:

Kostanden til å leiga inn prosjektleiar finansierast frå eingongsstøtta som vert utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
019/17	Førebuaude fellesnemnd - ny kommune	PS	24.04.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

## Etablering av valkomité

### Framlegg til vedtak

1. Førebuaude fellesnemnd veljar følgjande personar til å sitje i valkomiteen:
  - a. Bjarte Vatnøy
  - b. Sølvi Knudsen
  - c. Else Marie Dale
2. Namnekomiteen konstituerar seg sjølv med leiar

.....

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn:

I samband med handsaming av sak 013/17: Etablering av politiske komitar vart det vedteke å fremja ein eiga sak om etablering av ein valkomité. Komiteen har som oppgåve å fremja forslag til medlemmar i ulike komitear som vert oppretta i samband med arbeidet med å etablera ein ny kommune.

#### Saksutredning:

I samband med arbeidet med å etablera ein ny kommune vil det var behov for å setja ned fleire politiske komitear for å arbeida med bestemte oppgåver. Det er viktig at komiteen finn kandidatar som ynskjer og har muligheit til å delta i arbeidet med å etablera ein ny kommune. Saksførebuaude utval har teke utgangspunkt i at dette utvalet skal muligheit til å på kort varsel tre saman og koma fram med forslag til medlemmar til ulike politiske komitear som det er behov for. Av den grunnen er det foreslått å velja tre medlemmar til dette utvalet. Ein frå kvar kommune og med ei samansetning som tilfredstillar kravet om balanse mellom kjønn.

Utvalet vil få administrativ støtte frå Radøy kommune.

#### Økonomiske konsekvensar:

Det må reknast med kostnader til møtegodtgjerdse og administrativt sekretariat. Dette bør finansierast frå eingongstøtta som vert utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

.....

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
020/17	Førebuaende fellesnemnd - ny kommune	PS	24.04.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

## Val av revisor for fellesnemnda sitt arbeide

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Førebuaende fellesnemnd ber Kontrollutvala i dei tre kommunane om å innstilla til revisor for arbeidet til Fellesnemnda i tråd med inndelingslovens §25
2. Det bes om at innstillinga er klar i god tid før gjennomføring av §25-møtet med fylkesmannen.

.....

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn:

I inndelingslova er det fastlagt ein felles modell for korleis ein skal gjennomføre prosessen i samband med samanslåing av kommunar. Eitt av trinna i prosessen er eit felles møte mellom kommunestyra og fylkesmannen. Dette møtet blir skildra i §25 i inndelingslova. Den same paragrafen slår også fast kva for saker ein skal behandle i møtet. Eit av punkta er val av revisor for arbeidet til fellesnemnda. Dette skal skje på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. På bakgrunn av denne saka vil det rettast det ein førespurnad til kontrollutvala om å fremja innstilling i tråd med inndelingsloven.

#### Saksutgreiing:

Arbeidet i Fellesnemnda skal på lik linje med anna kommunal verksemd, reviderast. I inndelingslovens avgjerder er det slått fast at val av revisor for fellesnemnda skal skje på innstilling frå kontrollutvala.

Førebuaende fellesnemnd vil ut frå denne saka retta ein førespurnad til dagens kontrollutval om å fremja ei innstilling til revisor. §25-møtet med fylkesmannen er planlagt til 22. juni 2017, så det er viktig at innstillinga frå dei tre kontrollutvala er klår i god tid før dette møtet.

I vurderinga av val av revisor er det viktig at det òg vert omfanget vurdert av arbeidet til revisor. Dette vil avgjera om det må gjennomførast ein innkjøpsprosess, og korleis denne

eventuelt skal gjennomførast før kommunestyra kan velja revisor.

**Økonomiske konsekvensar:**

Kostanden til revisjon av Fellesnemnda sitt arbeid finansierast frå eingongsstøtta som vert utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

.....

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
021/17	Førebuande fellesnemnd - ny kommune	PS	24.04.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

## Val av representant til førebuande kyrkjeleg fellesnemnd

### Framlegg til vedtak

1. Førebuande fellesnemnd vel som representant til førebuande kyrkjeleg fellesnemnd:  
.....  
..... (vara)

.....

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn:

Fellesråda/sokneråda i Lindås, Radøy og Meland får i oppdrag å slå seg saman til eitt fellesråd frå 1.1.2020 som ei følgje av at dei tre kommunane blir til ein frå same tidspunkt. I haust var det eit møte med representantar frå alle tre fellesråda/sokneråda, men etterpå har prosessen i kyrkja lagt på vent. Kyrkjeverjene og representantar frå stab har vorte kursa. No er det på tide å kome i gang att og det har blitt kalla inn til eit møte i det vi må kunne kalle førebuande kyrkjeleg fellesnemnd. Oppdraget er å førebu prosessen med samanslåinga, og kyrkja må forholde seg til inndelingslova og kopierer i stor grad prosessen i kommunen. Etter vedtaket i juni kan råda utnemne ei kyrkjeleg fellesnemnd som kan gjere vedtak på vegne av fellesråda. I denne bør det/skal det vere ein kommunal representant utnemnd av den kommunale fellesnemnda, og helst ein som sit i den kommunale fellesnemnda for å lette informasjonsflyten og effektiviteten i prosessane.

#### Saksutgreiing:

Fellesråda/sokneråda i kommunane som skal slåast saman skal òg gjennomføra ein prosess som i stor grad samsvarer med prosessen til kommunane. For å igangsetja prosessen ynskjer fellesråda/sokneråda i dei tre kommunane om å setja ned ei førebuande kyrkjeleg fellesnemnd. I det sambandet har dei retta ein førespurnad til leiar av førebuande fellesnemnd om å oppretta ein representant med vara til å sitja førebuande kyrkjeleg fellesnemnd.



**Økonomiske konsekvensar:**

Saka har ingen direkte økonomiske konsekvensar.

.....

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
022/17	Førebuaende fellesnemnd - ny kommune	PS	24.04.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

## Melding/orientering til førebuaende fellesnemnd 24.04.2017

### Framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering

.....

### Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i førebuaende fellesnemnd

### Orienteringar:

- Status §25-møte
  - Status namnekomite
  - Fullmakt til å engasjere prosjektleder
  - Søknad om prosjektmidlar
    - a. Lokaldemokrati
    - b. Samferdsels- og digitaliseringsprosjekter
  - Saker frå kommunestyrene
- .....